

VESTBYGD SKULE

SKULEÅRET 25/26

INFORMASJON TIL HEIMANE



INNHALD

- 2 -KORT OM SKULEN OG PERSONALET
- 3 -DAGSRYTME
- 4 -SKULERUTE
- 5 MELDING TIL SKULEN
- 6 -UTVIKLINGSOMRÅDE
- 7 -TRYGT OG GODT SKULEMILJØ
- 8 -TRIVSELSLEIAR
- 10 -TRIVSELSREGLAR
- 11 -FORVENTNINGAR ELEV-HEIM-SKULE
- 12 - HELSESJUKEPLEIAR
- 13 -BARNEVERNSTENESTA
- 14 -NÅR BARNET SINE FORELDRE IKKJE BURSAMAN
- 15 -SYMJING
- 15 -SKULEMJØLK OG SKULEFRUKT
- 16 -SKULESKYSS
- 17 - RÅD OG ORGAN VED SKULEN





KORT OM SKULEN

- Vestbygd skule har dette skuleåret 114 elevar
- Elevane er fordelt på 8 klassar
- Språkdeling på tre trinn
- 12 lærarar
- 8 pedagogiske medarbeidarar
- 39 born påmeldt SFO

– Personalet –

ADMINISTRASJON

Telefon til skulen: 56174280

Vibecke S. Samuelsen – rektor

Vibecke.skarstein.samuelsen@alver.kommune.no

Asle Jermund Ones – avdelingsleiar 1-4

asle.jermund.ones@alver.kommune.no

- SFO-leiar

Linda Frostad – avdelingsleiarleiar 5-7

- linda.frostad@alver.kommune.no

Sissel Fløysand – konsulent

- sissel.floysand@alver.kommune.no

PEDAGOGAR

André Eidsnes

Anniken Skjønhaug

Birte Aarvik Fjelltveit

Elisabeth G. Hansen

Gerd Marit Øvretveit

Jannicke Sandvik

Maria Børslid Krossnes

Solveig M. Hagen

Solvor Øvretveit Lilleberg

Stina Sherrock

Thea Hernes Askeland

Torill Skarsvåg (permisjon)

Øystein Brattlid

PEDAGOGISKE MEDARBEIDARAR

Ann Kristin Hannisdal

Camilla Nygaard Raa

Rigmor Å. Skurtveit

Jeanette Eikeland

Julie Tolleshaug-Glenjen

Tone Jordal

Oksana Boichuk

Maryna Vdovina



Dagsrytme

	Måndag		Tysdag		Onsdag		Torsdag		Fredag	
	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn
08:30 09:45	1. time – 75 minutt									
09:45 10:00	Friminutt									
10:00 11:00	2. time – 60 minutt									
11:00 11:20	Matøkt									
11:20 11:45	Friminutt									
11:45 12:45	3. time - 60 minutt									
12:45 13:00			Friminutt					Fri-minutt		Fri-minutt
13:00 14:15			4. time 75	4. time 75	4. time 75	Fysfos 15min 4. time 60		Fysfos 15min 4. time 60		Fysfos 15min 4. time 60



Skulerute



- Elevfrie dager i grunnskolen
- Planleggingsdager barnehage
barnehagane stengt

Ferie og fridagar for skular og barnehagar 2025-2026

August						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
31					1	2 3
32	4	5	6	7	8	9 10
33	11	12	13	14	15	16 17
34	18	19	20	21	22	23 24
35	25	26	27	28	29	30 31

September						
Uke	Ma	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
36	1	2	3	4	5	6 7
37	8	9	10	11	12	13 14
38	15	16	17	18	19	20 21
39	22	23	24	25	26	27 28
40	29	30				

1. dag SFO 1.8.
1.dag nytt barnehageår 11.8.
Første barnehagedag for nye barn 13.8.
Planleggingsdager barnehage og SFO
11. og 12.8.
Planleggingsdager skule 11.,12. og 13.8.

Første skuledag 14.08.

Oktober						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
40			1	2	3	4 5
41	6	7	8	9	10	11 12
42	13	14	15	16	17	18 19
43	20	21	22	23	24	25 26
44	27	28	29	30	31	

Haustferie for skulane 06.10.-10.10.
Gjeld ikkje SFO og barnehage

November						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
44					1	2
45	3	4	5	6	7	8 9
46	10	11	12	13	14	15 16
47	17	18	19	20	21	22 23
48	24	25	26	27	28	29 30

Planleggingsdag 07.11.
(Elevfri skule, SFO og barnehage stengt)

Desember						
Uke	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
49	1	2	3	4	5	6 7
50	8	9	10	11	12	13 14
51	15	16	17	18	19	20 21
52	22	23	24	25	26	27 28
1	29	30	31			

Juleferie skulane 22.12.24 - 01.01.25
Barnehage og SFO åpen 22. og 23.12. og 29.
og 30.12.

Januar						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
1			1	2	3	4
2	5	6	7	8	9	10 11
3	12	13	14	15	16	17 18
4	19	20	21	22	23	24 25
5	26	27	28	29	30	31

Fridag 01.01. 02.01. Elevfri dag skule
Planleggingsdag 30.01. (Elevfri skule, SFO og
barnehage stengt)

Februar						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
5						1
6	2	3	4	5	6	7 8
7	9	10	11	12	13	14 15
8	16	17	18	19	20	21 22
9	23	24	25	26	27	28

Skulevinterferie 23. - 28.2. (Gjeld ikkje SFO og
barnehage)

Mars						
Uke	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
9						1
10	2	3	4	5	6	7 8
11	9	10	11	12	13	14 15
12	16	17	18	19	20	21 22
13	23	24	25	26	27	28 29
14	30	31				

Påskeferie skulane 30.03-06.04.
Barnehage og SFO åpen 30.03.-01.04.

Apri						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
14			1	2	3	4 5
15	6	7	8	9	10	11 12
16	13	14	15	16	17	18 19
17	20	21	22	23	24	25 26
18	27	28	29	30		

Påskeferie skulane 30.03. - 06.04.
Barnehage og SFO åpen 30.03.-01.04.
Barnehage og SFO stengte kl. 12 natta

Mai						
Uk	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
18					1	2 3
19	4	5	6	7	8	9 10
20	11	12	13	14	15	16 17
21	18	19	20	21	22	23 24
22	25	26	27	28	29	30 31

Offentlig høytidsdag 1.5.
Kristi Himmelfartsdag 14.5.(Elevfri skule, SFO
og barnehage stengt).

Juni						
Uke	M	Ti	On	To	Fr	Lø Sø
23	1	2	3	4	5	6 7
24	8	9	10	11	12	13 14
25	15	16	17	18	19	20 21
26	22	23	24	25	26	27 28
27	29	30				
28						

Siste skuledag før sommarferien 19.6.
Siste dag i SFO før ferien 30.6.

Meldingar til skulen

Fråvær

Sjukefråvær skal meldast så snart som råd, og innan kl 08:15 same dag.

Fråvær melder ein via
Visma app, *Min skole*,
eller føresettportal i Visma Flyt
<https://skole.visma.com/alver>.



Melde fråvær;
vel barnet det gjeld, registrer fråvær.

Meldingar til SFO

Meldingar som gjeld same dag skal
formidlast så snart som råd, og innan
kl 09:00 same dag.

Meldingar og beskjedar til SFO
legg ein inn via
Visma app, *Min skole*,
eller føresettportal i Visma Flyt
<https://skole.visma.com/alver>.



Melde fråvær;
vel barnet det gjeld, registrer fråvær

Permisjon

Skulen skal ha melding om planlagt
fråvær i god tid.

Ein søker om permisjon via
Visma app, *Min skole*,
eller føresettportal i Visma Flyt
<https://skole.visma.com/alver>.



Kontaktlærer kan gje permisjon inntil
2 skuledagar, rektor for 3-10
skuledagar.



UTVIKLINGSOMRÅDE

Lesing/språk

Lesing og språk er eit satsings- område for Vestbygd skule og Alver kommune. Skulen deltek i år på DEKOMP saman med skulane Rossland, Eikanger og Lindås. Vi vil ha felles kompetanseheving knytt til lesing og skrivning.



DUÅ – De utrolige årene

De Utrolige Årene (DUÅ) er ein som er utvikla for å fremje god samhandling barn imellom og mellom barn og vaksne.

Vi på Vestbygd skule skal bruka dette verktøyet i skulekvardagen og tek til med opplæring av tilsette dette skuleåret. Det er PPT som samarbeider med oss i opplæringa.



TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

ALLE ELEVAR HAR RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ SOM FREMJAR
HELSE, TRIVSEL OG LÆRING

Skulen har nulltoleranse for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vi jobbar kontinuerleg med

- å skape/fremje eit trygt og godt miljø på skulen
- å førebyggje mobbing og andre krenkingar
- å handtere mobbing og andre krenkingar når det oppstår

Alle dei vaksne på skulen har aktivitetsplikt!

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak
- Plikt til å dokumentere

Elevstemma er viktig! Vi tek alltid omsyn til eleven si subjektive oppfatning i skulemiljøsaker. Dersom skulen ikkje følgjer opp, kan elevar/føresette ta kontakt med Fylkesmannen.

Å høyre til

Vondt er av alle andre bli
trakka på og trengd.
Men vondare å veta
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet du
ventar deg og vil. Men meir
enn det å vera, er det å
høyre til.

Jan-Magnus Bruheim



TRIVSELSREGLAR FOR VESTBYGD SKULE

Alle elevar og lærarar har ansvar for eigen og andre sin trivsel på skulen. Alle må difor vise omsyn for kvarandre og vere høfleg.

1. Alle har rett til å ha det trygt og godt. Ingen skal bli utsett for krenkjande ord, mobbing, vald eller rasisme.
2. For å lære treng vi arbeidsro. Du skal gjere ditt for å skapa eit godt arbeidsmiljø.
3. Du har ansvar for å ta vare på skulebygningen og halde orden på eigne skulesaker.
4. Dersom ikkje noko anna er bestemt er elevane ute i friminutta, og held seg innanfor skuleområdet.
5. Vi kastar snøball berre på oppsett blink.
6. Det er foreldre som avgjer om eleven får lov til å sykle/nytte sparkesykkel til skulen eller ikkje. Skulen i samarbeid med FAU vil likevel tilrå at du ikkje byrjar før i 5. klasse. Det er uansett viktig å vurdere skulevegen, modning og kor godt ein meistar syklinga. Du må ha hjelm. Ingen sykklar/sparkesyklar på skuleplassen mellom kl. 08.00- 16.30.
7. Snop er ikkje tillate på skulen utan ved særlege høve.
8. Ingen må ha med seg noko som er farleg eller som skapar uro.
9. Skulen har ikkje ansvar for verdigjenstandar som vert stole eller øydelagt.
10. Bruk av tobakk eller rusmiddel på skulen , eller på skulen sine arrangement er ikkje tillate.

Skulane i Alver vil gjere bruk av følgjande sanksjonar ved brot på reglementet:

1. Dersom du har med deg mobil på skulen, skal mobilen vere avslått og liggje i sekken i skuletida. Dersom mobilen vert brukt i skuletida, må eleven levere frå seg mobilen. Eleven får mobilen tilbake når skuledagen er slutt.
2. Munnleg tilbakemelding til elev.
3. Munnleg kontakt med føresette.
4. Skriftleg melding til føresette.
5. Høve til, ved t.d. oppgåve, å rette opp skade som er påført eigedom eller eigedelane til skulen (rydde søppel, vaska golv, fjerne tagging og liknande).
6. Vere til stade på skulen før eller etter skuletid i samband med samtalar eller for å utføre avtalte oppgåver.
7. Bortvising frå undervisninga i barneskule for einskilde timar (inntil to timar) eller bortvising for resten av dagen (opplæringslova § 9A-11).
8. Innskrenke tilgjengeleg areal for ein kortare periode.
9. Byte klasse mellombels eller permanent.
10. I heilt spesielle tilfelle kan kommunen vedta eit mellombels eller permanent byte av skule (opplæringslova § 9A-12).

Forventningar til heimen – elevane - skulen

Heimen

- At elevane har ete frukost og har med skulemat.
- At elevane kjem presis og opplagte til skulen.
- At elevane har med skulesaker, innesko og høvelege klede – etter aktivitet og vêr.
- At skriv vert lesne og at skulearbeid vert følgd opp.
- Tek kontakt med skulen dersom ein lurar på noko, eller er misfornøgd med noko.
- Deltek på foreldremøte og utviklingssamtalar.
- Kjenner trivselsreglane på skulen, og hjelper eleven til å følgja desse.
- Snakkar positivt om skulen og elevane som går der.
- Gjer melding om via app eller føresettportal.
- Gjer melding om anna fråvær via app eller føresettportal.

Elevane

- Syner respekt for både medelevar og vaksne.
- Lyttar til det som blir sagt, og ventar på tur.
- Brukar fine ord, er høflege og hjelpsame.
- Kjem presis til timane og rettar seg etter reglane på skulen.
- Er utkvilt og opplagt når dei kjem på skulen.
- Har ete når ein kjem på skulen.
- Tek vare på ting, og gjer skulearbeidet så godt ein kan.
- Har med skulesaker som blyant, viskelêr og linjal kvar dag.
- Gjev vidare informasjon frå skulen til heimen.
- Hjelper til med å halda skulen rein og fin, og seier frå til vaksne omnoko vert øydelagt.
- Seier frå til ein vaksen dersom ein ser at nokon ikkje har det bra.

Skulen

- Informerer om mål og innhald i undervisninga.
- Informerer om rettar og plikter for foreldre og elevar.
- Legg tilhøva til rette for godt heim/skule-samarbeid.
- Informerer heimen om eleven si læring og trivsel.
- Tek kontakt dersom det er behov for det.
- Tilpassar undervisninga til den einskilde så langt det let seg gjere.
- Gjev eleven tilbakemelding på arbeidet.
- Har respekt for eleven.
- Handsamar elevane likeverdige.
- Jobbar aktivt for eit trygt og godt skulemiljø.

INFORMASJON OM SKULEHELSETENESTA

Skulehelsetenesta er eit helsetilbod på skulen for barn og ungdom. Føremålet til skulehelsetenesta er, i samarbeid med skulen, å fremme helse, trivsel og læring hjå elevane. Skuletenesta gjev tilbod om vaksiner, helsesamtalar, følgjer opp vekstutvikling og jobbar universelt ut mot elevane med undervisning i grupper eller klassar. Det er vaksiner i 2.klasse, 6.klasse og 7.klasse. Det blir sendt ut informasjon via Helsenorge om vaksiner og ein svarer direkte via Helsenorge om ein ynskjer at barnet skal få vaksinen eller ikkje. For å utveksle informasjon via Helsenorge, må ein godkjenne at barnet er digital aktiv bruker på Helsenorge si nettside.

Alle elevar har mogelegheit til å sjølv komme på kontoret for ein samtale ved tilbodet me kallar for «open dør». Elevar og føresette kan også kontakte helsesjukepleiar via www.helsenorge.no eller via telefon. Du finn din helsesjukepleiar under barnet sine helsekontaktar på Helsenorge.no. Der kan du sende melding direkte til din helsesjukepleiar.

Skulehelsetenesta samarbeider med skule, føresette og fastlege. Vi har også samarbeid med anna fagpersonell i kommune-/spesialisthelsetenesta etter behov. Når det er tverrfagleg samarbeid skjer det etter avtale med føresette. Helsesjukepleiar har teieplikt etter helsepersonellova. I nokre tilfelle har helsesjukepleiar ei plikt til å gje informasjon vidare til andre instansar. Denne plikta trer i kraft dersom nokon er i fare for å skade seg sjølve eller andre, eller vert utsett for ulike former for vald, overgrep eller omsorgssvikt.

Du kan lese meir om skulehelsetenesta og innhaldet på

<https://www.helsenorge.no/hjelpetilbud-i-kommunene/skulehelsetjenesten/>



Bente Monstad Olsen er helsesjukepleiar på Vestbygd skule. Ho er tilstade tysdagar og annankvar fredag.

Ta gjerne kontakt via Helsenorge eller på 408 15 549

Barnevernstenesta



Alver
barnevernsteneste

**Samarbeids-
og nettverks-
kontakten i
barnevernstenesta**



Anne-Lise Albertsen

Tlf.: 56 37 55 30/
48 49 72 87


E-post: anne-lise.
endal.albertsen@
alver.kommune.no

**Ikkje gå åleine
med
bekymringa di!**

Ring meg om du:

- Er usikker på om du skal melde bekymring
- Treng drøfte ein situasjon/ bekymring anonymt
- Treng rettleiing i den dialogiske barnesamtalen («avdekkande samtale»)


Når barnet sine foreldre ikkje bur saman



Dersom foreldra til ein elev ikkje har felles foreldreansvar for barnet, har også den av dei biologiske foreldra som ikkje har foreldreansvar, rett til informasjon om barnet sitt.



Dersom foreldra har felles foreldreansvar for barnet, har begge foreldra rett til den same informasjonen om barnet sin skulegang frå skulen si side.



Dersom den av foreldra som barnet ikkje bur hos, ber skulen om å få informasjon direkte til seg sjølv, har skulen plikt til å kome det i møte.




Dersom de som foreldre har felles foreldreansvar, treng du ikkje kontakte skulen kvar gong du ønskjer informasjon. Det er nok at du heilt generelt ber om å få informasjonen.



Dersom skulen ikkje får oppmoding om å gje slik informasjon, treng skulen heller ikkje gje det på eige initiativ.

Høve til å klage: Avslag på krav om informasjon kan klagast på til Fylkesmannen. Før klagen blir sendt dit, skal den instansen i kommunen som har gitt avslaget, vurdere om det er grunn til å endre det. Dersom vedtaket blir halde ved lag, vil saka bli sendt til Statsforvaltaren for klagebehandling.



SYMJEUNDERVISNING



Det er symjeundervisning på 2., 4. og 5. trinn.

For å ta del i symjeundervisninga treng ein «badehette», symjebukse/drakt og skifte-tøy/handkle.

Alle må dusje med såpe før dei tek på seg badedrakt/bukse.
Utstyr ein tek med seg i bassenget (etter avtale med lærar) må værereine.

Reglar for undervisning/sikring

Elevane må til ei kvart tid halde seg til dei reglane som gjeld for undervisninga i bassenget. Manøvrar som kan vere farlege (t.d. springing på kanten, stuping, ta salto, halde andre under vatn osv.) og kan medføre skade på seg sjølv eller andre, er brot på desse.

Elles gjeld skulen sine ordens- og åtferdsreglar også både under transport til og frå bassenget, i garderobane og i bassenget.

Alle skal kjenne seg trygge!

Skulemjølk

Ein kan bestille og betale direkte hos <https://www.skolelyst.no/>

Det er FAU og administrasjonen som bestemmer kva for sort ein kan bestille på skulen vår.

Dette kan ein bestille

- Rosa lettmjølk 1%
- Blå lettmjølk 0,5%
- Heilmjølk 3,5 %
- Lettmjølk Laktosefri
- Lettmjølk sjokolade
- Epledrikk
- Appelsindrikk
- Smoothie
- Jordbæryoghurt
- Bringebær yoghurt



Skulebuss til og frå Vestbygd skule



Start kl. 08:30 alle dager

344 Meland sør kl. 08:00 – Smugleitet – Vestbygd skule kl. 08:20

344 Leirvik kryss kl. 08:15 – Vestbygd skule kl. 08:23

340 Frekhaug kl. 08:10 – Vestbygd skule kl. 08:17

Slutt kl. 12:45 mandag, torsdag og fredag

340 Vestbygd skule kl. 12:53 – Hjertås kl. 12:55

340 Vestbygd skule kl. 13:18 – Frekhaug kl. 13:28

344 Vestbygd skule kl. 12:55 – Meland – Smugleitet – Leirvik kryss kl. 13:15

Slutt kl. 14:15 tirsdag, onsdag, torsdag og fredag.

344 Vestbygd skule kl. 14:25 – Meland – Smugleitet – Leirvik kryss kl. 14:45

340 Vestbygd skule kl. 14:26 – Hjertås kl. 14:28

340 Vestbygd skule kl. 14:25 – Mjåtveitflaten kl. 14:31



RÅD OG ORGAN VED SKULEN

Foreldreråd og FAU

Alle foreldre som har barn på grunnskolen er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit foreldrearbeidsutvalg (FAU). Dette er eit styre for foreldrerådet.



Vedtekter for FAU Vestbygd Skule

§ 1- Foreldrerådet FAU er heimla i Opplæringslova § 11-4 Alle foreldre som har barn ved skulen, er medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) er foreldrerådets styre og har fullmakter deretter.

§ 2 - Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) er et arbeidsutval valt av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldre og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldre, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

§ 3 - Valg og konstituering Foreldremøte for kvar klasse har ansvar for å velja representant for klassen i FAU med personleg varamann.

- 1. klasse vel representant og vara for eitt år på informasjonsmøte for 1.klasse før skulestart.

- 2. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 1.kl.
- 4. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 3.kl.
- 6. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 5.kl.

FAU konstituerer seg på det første møtet om hausten med leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og to representantar til Samarbeidsutvalet ved skulen (SU).

§4 – Årsmøte Årsmøte i foreldrerådet skal haldast innan utgangen av skuleåret (juni). Årsmøtet er vedtaksfør dersom frist for innkalling (14 dagar) er overhalden og minst fire medlemmer møter. Agenda på årsmøtet skal vera:

1. Konstituering
 - a. Val av ordstyrar
 - b. Val av protokollunderskrivarar
 - c. Val av referent
2. Godkjenning av innkalling
3. Stadfeste klassevis val av FAU representantar
4. Årsmelding
5. Rekneskap og budsjett
6. Innkomne saker

§ 5 - Komitéar Det kan veljast underkomitéar for FAU som arbeider med nærare definerte oppgåver eller prosjekt.

§ 6 - Møte FAU har møte ca. kvar 6. veke, eller når leiaren eller minst tre medlemmar krev det. FAU er vedtaksfør dersom minst 4 av medlemmane er til stade.



Samarbeidsutval (SU)

Samarbeidsutvalet (SU) er skulens sitt øvste samarbeidsorgan. Utvalet skal ha to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

Skolemiljøutvalg (SMU)

I SMU finn du som er elev, forelder og skoleleiar svar på spørsmål om rettar og korleis skulemiljøutvalet jobbar.

Møteplan FAU/SU/SMU

Vert lagt inn når møteplanen er laga



Elevråd

På Vestbygd skule er det hemmeleg val i klassane kvar haustder det vert valt ein representant til Elevrådet. Av omsyn til elevane, er det aldri slik at ein seier kor mange stemmer dei ulike elevane har fått. Lærar tek lappar inn på kontoret etter timen, og seier seinare til klassen kven som fekk flest stemmer, og dermed vert klassen sin representant. Den som fekk nest mest stemmer, vert vararepresentant.

Ein prøver å leggje opp til at du kan kun vere med i elevrådet ein gong i løpet av barneskulen. Dette er mellom anna fordi at fleire elevar får då innsikt og erfaring med demokrati og elevmedverknad gjennom arbeidet i elevrådet.

Elevane i 7. klasse går inn som leiar for elevrådet, og får tett oppfølging av kontaktlærer for elevrådet. Her får dei mellom anna trening i å leie eit møte.

Elevane får ta del i elevrådet heilt frå første klasse på Vestbygd skule. Dei yngste er oftast med på delar av møtet.

Elevane frå 5.-7. klasse er med å lage innhald til årshjulet for elevane.

Elevrådet har mellom anna ansvar for å arrangere Vestbygdscena og andre sosiale aktivitetar gjennom skuleåret.

Dei får og tildelt ein sum pengar som dei kan bruke til sosiale føremål.





Flyg ut!

Flyg ut i verda,
flyg høgt, kjenn deg fri.
Ta med i hjartet
eit eg og eit vi.

Flyg ut i verda,
åleine, i flokk.
Vêr den du er,
hugs, det held, det er nok.

Flyg ut i verda,
vi ønskjer du fekk
tru på deg sjølv,
nok til langstrakte trekk.

Torill Skarsvåg